



Arkivnr: 2016/2314-16

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Refinansiering av obligasjonslån 400 mill. kr

Samandrag

Eit 2-årig obligasjonslån på 400 mill. kr har forfall den 29. august 2016. Ein har henta inn tilbod på nytt lån. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit 5-årig obligasjonslån med fast rente.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 400 mill. kr vert refinansiert med eit 5-årig obligasjonslån, tilrettelagt av Nordea Markets. Renta er fast i 5 år, 1,595 %.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.08.2016

Eit 2-årig obligasjonslån på 400 mill. kr har forfall den 29. august 2016. Renta på dette lånet har vore 3 mnd. Nibor + ein fast margin på 0,11 %. Dette har vist seg å vere svært gunstig. Sidan i fjor haust har ein betalt lågare rente på dette obligasjonslånet enn kva ein har måtta betale på 3-månaders sertifikatlån.

Marginen ein må betale over Nibor-renta vil no bli høgare enn han var då ein tok opp lånet for 2 år sidan. I «Weekly Credit Report 33/2016» har DNB anslått at marginen for eit 2-årig lån i dag vil vere 0,38 %. Marginen for 3-års lån er anslått til 0,48 % og 5-års lån 0,67 %. Marginen aukar dess lenger løpetid lånet har.

På den andre sida kostar det nesten ingen ting ekstra å binde renta i opp mot 5 år.

I DNBs Morgenrapport vert det oppgjeve følgjande rentesatsar:

NIBOR 3 mnd	1,05 %
Swap 3 år	1,11 %
Swap 5 år	1,13 %
Swap 7 år	1,22 %

Fylkeskommunen har i dag fast rente på 54,9 % av låneporteføljen. Om ein går over frå flytande til fast rente på det aktuelle lånet, vil ein kome opp i 59,1 % fast rente. Grensa som er sett i finansreglementet er 60 %.

Med tanke på budsjettering, prognosar osv. er det ein fordel å ha høg andel fast rente. Ein vurderer det slik at det no er lite rom for ytterlegare fall i rentenivået. Fylkesrådmannen vil difor be om tilbod på lån med fast rente i 5 år denne gongen.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunder, og har fått inn desse tilboda:

	Nominell rente
Nordea Markets	1,595 %
Danske Bank Markets	1,620 %
DNB Markets	1,635 %
Swedbank First Securities	1,675 %
Kommunalbanken	1,730 %
KLP Kommunekreditt	1,920 %

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå Nordea.